

SUNNMØRE RG ÅR 2004

Kjell Mork Soot

Summary: *Sunnmøre Ringing Group ringed 28178 birds in the year 2004. At our ringing station at Giske (Makkevika) we specialized at Rock Pipit Anthus petrosus, and we ringed 1079 individuals of that species. At the same station we ringed about 2200 waders. More than 300 of these were Ringed Plover, Charadrius hiaticula. For the future we will aim at ringing species where a few birds are ringed before or there are few ringing recoveries. Relevant species are i.e. Red-breasted Merganser Mergus serrator, Black Guillemot Cepphus grylle, Bluethroat Luscinia svecica, Icterine Warbler Hippolais icterina, Sylvia -species and of course Ringed Plover and Rock Pipit. From the middle of October to the end of November a lot of Waxwings Bombycilla garrulus invaded our district, and 1244 individuals were ringed. One of these birds was controlled in Estonia 40 days later. We have also started ringing close by Fokstumyra Naturreserve in Dovre at eastern Norway, in order to catch a lot of Bruethroats there, and 856 individuals were ringed, of a total of 3094 birds. We will continue to ring birds there in the future.*

Sunnmøre RG er ei av tre ringmerkingsgrupper i Møre og Romsdal. Dei to andre er *Trollheimen RG* og *Nordmøre & Romsdal RG*. Alle er tilknytte OUM (Ornitologiske Undersøkingar, Møre o& Romsdal).

Ringmerkingstala varierer sjølvsagt frå år til år og frå ringmerkar til ringmerkar; siste år med variasjon frå nokre få fugl til om lag 7500. Desse ringmerkarane nytta lisensen sin i 2004: Jostein Fagerhol, Alv Ottar Folkestad, Lars Petter Folkestad*, Petter Folkestad*, Eldar Arne Giske*, Karl Johan Grimstad, Torbjørn Hasund*, Sigurd Arne Hovde, Nelly Huserbråten, Vegard Aambø Langvatn, Tore Larsen, Tore Chr. Michaelsen*, Stian Moldskred*, Per Ole Myklebust, Per Steinar Myklebust, Oddvar Olsen, Stein Inge Refvik, Sveinung Remøy*, Tor-Amund Røsberg, Bjarne Røyset, Bent Skarshaug, Kjell Mork Soot*, Lill Susanne Stubberud* og Ståle Sætre. * etter namnet: Har også vore med på ringmerkingsarbeidet på Giske OS.

Vi har stadig mykje nytte av Magnar Hovden, som brukar ein god del av fritida si i hekkesesongen til å leite reir, for så å la andre i gruppa ringmerke ungane. Dette ga siste gode ungemerkingstal for m.a. for heippielerke og trastar

I 2004 var desse fangstplassane i drift i lengre periodar:

SUNNMØRE: *Giske kommune* (tre stader): Giske og Makkevika (=Giske OS) og Skjongskaret.

Ålesund kommune : Kverve. *Hareid kommune* (tre stader): Grimstadvatnet, Hovden og Plassane.

Ørsta kommune (to stader) : Barstadvik og Hovdebygda.

NORDFJORD: *Eid kommune*: Nordfjordeid. *Selje kommune*: Djupedal.

SOGN: *Leikanger kommune* (to stader): Halland og Hermansverk.

OPPLAND: *Dovre kommune*: Fokstugu.

NOKRE KOMMENTARAR TIL RINGMERKINGANE:

Havhest: For fjerde året på rad slo hekkinga feil for denne arten. Det blei ikkje konstantert hekking verken på Runde eller på Erkna.

Havsvale: Det var Oddvar Olsen og Jostein Fagerhol som jobba mest med denne arten. To ungar blei ringmerkte på Erkna, Giske, der ein ny koloni blei funnen.

Siland: Vi har ein ideell fangstplass for siland på Hovden, Hareid, der vi fangar om våren. Sist vår ringmerkte vi 16 individ, mest hannar. No til våren skal vi prøve eit nytt nett som er 27 meter langt og 6 meter høgt, og med større maskar enn før.

Teist: Jostein Fagerhol og Oddvar Olsen vil satse litt på teist i åra framover. Andre sesongen deira var relativt bra, med 83 merkte ungar og to vaksne. Dei har laga til om lag 80 hekketader / hekketasser som dei håper vil bli nytta av teisten. Siste sesong blei tre par funne hekkande i desse ”kunstige” hekkeplassane. Det verka ikkje som om 2004 var noko spesielt godt år for teisten, som for sjøfuglar elles.

Storjo: Vi skal ikkje skulde på veret, men ingen ungar blei ringmerkte.

Låvesvale: Ungemerkinga har vi nesten slutta med etter at EURING sitt låvesvaleprosjekt var ferdig. Hekkeundersøkingar blei ikkje gjort systematisk, men det verkar som det har vore færre hekkepar dei to siste åra enn tidlegare sesongar. No fangar vi berre litt ved Grimstadvatnet på overnattingsplass, og det vil vi halde fram med. Det blei fanga berre 400 svaler der siste sommar. Dette skuldast mykje at ringmerkarane ved Grimstadvatnet dreiv med fangst på Fokstugu, Dovre i beste tida. Ein hybrid av låvesvale og taksvale blei ringmerkt.

Tilstandsrapport og hekkesuksess for enkelte artar 2004:

Vipa har mellom anna på Hareidlandet gått tydeleg tilbake dei siste åra utan at vi kan seie kvifor. Dei forskjellige *måseartane* hadde eit dårleg år i 2004, akkurat som hos mange av dei typiske sjøfuglartane.

Trastar: hekkebestanden av svarttrast har auka svært mykje dei siste åra. Spesielt svarttrast er det meir av enn nokon sinne, og arten hadde god hekkesuksess også i 2004. Måltrasten og raudvengtrasten ligg omtrent på normalnivå, medan gråtrasten har gått tilbake.

Songarar: Bestanden har teke seg kraftig opp hos gransongaren dei siste åra. Hos lauvsongaren var det ein uvanleg stor prosent vaksne som blei fanga inn i 2004. Det kan tyde på dårleg hekkesuksess. Gulsongaren såg ut til å ha eit godt år, med mykje fugl som gjekk til hekking.

Svartkvit flugesnappar: Svært mange gjekk til hekking, men det var påfallande at dei hekka i to periodar med ca. tre veker mellomrom. Første pulja, som begynte hekkinga svært tidleg, rundt 20.mai, gjekk det svært dårleg med, medan den andre pulja hadde ein tilfredsstillande hekkesuksess.

Meiser: Svært mange blåmeis og kjøtmeis gjekk til hekking, men hekkeperioden var våt og kald. Resultatet lot ikkje vente på seg. Det blei ein miserabel hekkesesong for meisene våre. Svært mange kull kom seg aldri på vengane.

Ivrigaste ungemerkaren i Sunnmøre RG er Bjarte Røyset. Han har i løpet av åra ringmerkt mange tusen ungar, mest småfugl, men også ungar av m.a. rugde og enkeltbekkasin. Magnar Hovden har vore ein god hjelpesmann. Bjarte har samla inn store datamengder som etter kvart vil bli publiserte.

Fossefall: Merkinga er der trappa ned ein heil del fordi det gir lite nytt og er svært tidkrevjande. I mange tilfelle må vi ta både to og tre ferjer for å kome fram til revira. Eit nytt problem for fossefallet har dukka opp med full styrke siste året, *småkraftutbygging*. Det verkar som om alle småelvar skal utbyggast, og det er nettopp desse elvane som er beste hekkeplassane for nasjonalfuglen vår. At fossefallbestanden kan gå kraftig ned pga dette, er heva over all tvil.

Sidensvans: Enkelte ringmerkarar har i fleire år arbeidd systematisk med å lage til fangstplassar for sidensvans viss invasjon skulle oppstå. Og i 2004 fekk vi prøve om fangstmetodane var brukbare, for det dukka opp store mengder allereie i midten av oktober. Det blei fanga mest ved Grimstadvatnet på Hareid, Skjongskaret i Giske og Barstadvik, Ørsta. Til saman 1244 sidensvans blei ringmerkte, flestparten på dei ovanfor nemnde stadene. Ein finsk- og ein svenskmerkt sidensvans blei kontrollerte, medan ein fugl blei kontrollert i Estland 40 dagar etter ringmerking ved Grimstadvatnet. Dette skulle tyde på at i alle fall ein del av sidensvansane trekte austover igjen etter å ha besøkt Noreg. Første fuglane blei ringmerkte 13. oktober og invasjonen ebba ut i slutten av november.

Toppdagen for Grimstadvatnet sin del var 28. oktober der over 200 blei ringmerkte og minst 500 var i ringmerkingsområdet samtidig.

Blåstrupe: Pga kraftig snøfall i slutten av mai såg det ut til at ein del blåstrupe ga opp hekkinga på Sunnmøre og i Nordfjord. Vi fekk i alle fall store problem med å finne noko særleg hekkefugl. Frå førstninga av august starta vi opp med fangst av denne arten på Fokstugu, Dovre (sjå der).

Gulsongar, Sylvia-artar m.m.: Vi fanga ein del gulsongar, munk, og andre artar i revira ved hjelp av lyd, men metoden blei brukt mindre enn året før. Metoden er tidkrevjande og merketala pr. dag er ikkje store. Spesielt for artar med lite gjenfunnsmateriale kan dette vere ein måte å få opp merketala på.

Kråke: Det store talet på overvintrande kråker her har ført til litt spekulasjon om kvar desse kjem frå. Kråkefellene i Barstadvik i Ørsta kommune (Sigurd Arne Hovde) og i Hovden, Hareid (Stian Moldskred), ga ein fangst på nesten 400 kråker, 10 ramn, 1 kaie og 5 hønehauk. Det er reelle planar om å setje opp ei kråkefelle på Giske også, der det er store mengder med vinterkråker. Vår andre kråke frå Sverige blei rapportert.

Giske Ornitologiske Stasjon: Petter Folkestad, Lars Petter Folkestad og Eldar Arne Giske har som vanleg lagt ned ein stor innsats i merkingsarbeidet der ute, men andre i gruppa har også bidratt med sitt.

Frå august av var der bra med småvadarar i Makkevika, men tydeleg mindre enn i 2003. Vi satsa som vanleg spesielt på sandlo, og 306 blei merkte, berre ein tredjedel av merketalet frå året før. Det kom inn store mengder myrsnipe i verste styggeversperioden i slutten av september. Dette var ein av tre småvadar-artane som det var meir av enn året før, og 1457 blei ringmerkt, sjølv om vi satsar mest på å få fanga inn vadarartar som det er lite gjenfunnsmateriale på. Store merkingstal av vadarar kan vi ikkje skryte av pga mindre fuglar i vika, og som tidlegare nemnt; eit elendig ver i store delar av september gjorde nettfangst vanskeleg. 4 tundralo, 4 lappspove, 51 raudstilk, 76 brushane, 14 steinvendar var langt under resultatet i 2003. Utanom myrsnipe var det berre to artar var det tydeleg meir av enn året før: tundrasnipe (49) og dvergsnipe (256).

Skjerpipplerkefangsten ved hjelp av ruser og lyd heldt vi fram med på stasjonen. Til saman ringmerkte vi 1079 skjerpipplerker der, som var litt over det halve samanlikna med dei to foregåande åra. I beste perioden om hausten (september) var veret så dårleg (kraftig vind og regn) at sjølv rusefangsten fungerte nesten ikkje. Som bifangst til skjerpipplerkene fekk vi m.a. ein del heipiplerker (over 200). Det blei prøvt same fangstmetode i **Ervik på Stadt** med tanke på skjerpipplerka. Med langt færre ruser og på nokre få dagar fanga Stein Inge Refvik 76 skjerpipplerker og nærmare 60 småvadarar. Ein start som lovar godt for framtidig fangst der.

Fokstugu, Dovre, Oppland: For få år sidan begynte enkelte medlemmer å arbeide med blåstrupe på Sunnmøre og i Nordfjord. Dette var eit svært arbeidskrevjande prosjekt som ga lite resultat. Ein av deltakarane, Karl Johan Grimstad, hadde eit tidlegare år, ved besøk på Fokstumyra, lagt merke til store mengder blåstrupe der i august. Ein prøvfangst nokre dagar i august 2003, utanfor reservatet, ga så godt resultat at vi søkte Fylkesmannen i Oppland om fangstløyve inne i reservatet. Det fekk vi avslag på, men fekk løyve av Dovre Fjellstyre, Joramo Bygdealmening og grunneigaren av Fokstugu gård, Laurits Sønstebø, til å drive med ringmerkingsarbeid utanfor reservatet. Vi begynte i førstninga av august med nettfangst på Fokstugu gård, og det blei ein ubetinga suksess. Over 3000 fuglar blei ringmerkte, av desse 856 blåstrupe. Andre gode tal kan nemnast: 431 sivsporv, 479 heipiplerke og 546 lauvsongar. Til saman 38 artar blei ringmerkte. (sjå elles spesifisert tabell i ringmerkingsoversikta). 10 nye fugleartar for Fokstumyrområdet blei konstanterte, m.a. 2 rosenfink. (Vi har gått utifrå siste oppdaterte liste for Fokstumyra, ved Thor Østbye). Ringmerkingsarbeidet og registreringane ved Fokstumyra er litt spesielt og verdifullt av to grunnar: Det blir ringmerkt lite fugl

så langt inne i landet, og fangsten foregår høgt til fjells, ca. 940 m.o.h. (Storparten av norske ringmerkingar foregår ute ved kysten.) Vi legg opp til at arbeidsinnsatsen rundt Fokstummyra i åra framover blir auka, og det gjeld ikkje berre ringmerking. Det vil bli satsa meir på registrering av både planter og dyr, m.a. smånagarar, insekt som sommarfuglar, augestikkarar og biller (insektfelle vil bli brukt), frøplanter, lav, mosar, sopp osv. Ein fullstendig rapport for arbeidet vi gjorde i 2004 kan lesast på www.fugler.com/srg.

Studiane våre viste at enkelte dagar kan der vere tusenvis av småfugl i vierkratta på Fokstummyra. Når så NSB sine tog rasar gjennom desse områda i stor fart, seier det seg sjølv at dette er eit problem. At raudreven blei observert gå langs jernbanelinja på systematisk leiting etter ihelkøyrd fugl, skulle tyde på at der er ein del fallvilt. Vi fann sjølv ihelkøyrd tårnfalk og lauvsongar, men er blitt fortalt at m.a. traner, myrhauk og jordugle er drepne der. Kva er då vitsen med eit reservat når fuglane blir drepne inne i reservatet? Vi arbeider med å få NSB til å setje ned farten i reservatet.

Fangst i Nord-Atlanterhavet: Eldar Arne Giske, på fiske med linebåten ”Nyvoll Senior”, i området Shetland /Færøyane/ Bjørnøya/ Barentshavet, rapporterer om mykje ruskever siste året, som gjorde fangsten vanskeleg. I 2004 ga dårlegare resultat enn året før. Nemnast kan havsule 71, polarmåse 31, svartbak 12, krykkje 48. Han prøvde seg ikkje på havhest, for dei spyr slik at dekket må spylast etterpå. Og med kuldegrader ville dekket bli livsfarleg å ferdast på for mannskapet. Dei fiska også på felt der det var lite fugl å oppdrive.

Merkingar av meir sjeldne merkeartar: 2004 var ikkje noko spesielt år med tanke på uvanlege ringmerkingssortar. Fire *vassriksar* blei i oktober fanga ved Grimstadvatnet, Hareid . På same stad blei ei *gråspett*, ein *hauksongar* og ein hybrid, *låvesvale x taksvale* fanga inn. Eit kull på fem *svartstrupeungar* blei ringmerkt på Stadt, der også to vaksne blei fanga inn. I Barstadvik, Ørsta, blei ei *sporveugle*, fire *rørsongar* og 1 *dvergsporv* ringmerkt . Totalt åtte *kjernebitar* fekk ring på Nordfjordeid . To ungfuglar av *rosenfink* blei fanga på Fokstugu, Dovre.

Kontrollar / gjenfunn, for det meste frå utlandet: Vi mottok 138 rapportar av våre ringmerkte fuglar, av desse var 77 frå utlandet. I tillegg kontrollerte vi 73 framandmerkte fuglar, der om lag halvparten var norskmerkte havsvaler. 15 fuglar hadde ringar frå utanlandske sentralar. Av plassomsyn blir dei fleste meir lokale funna ikkje nemnde her.

Havhest: To havhestar ringmerkte på fiskebankane Tampen og Vest-Tampen, blei funne henholdsvis i Sør-Trøndelag og Færøyane. Den eldste blei funnen nesten 16 år etter merking.

Havsvale : Ei britisk- og ei portugisiskmerkt blei kontrollert. Utanom over 30 kontrollar av framande norske (frå Hornøya, Vardø, Finnmark i nord til Lindesnes og Kristiansand i sør), blei også mange av våre fuglar kontrollerte langs store delar norskekysten. I tillegg blei tre av fuglane våre kontrollert i Skottland og ein i England. Ei av *stormsvale*ne våre blei kontrollert fleire gongar i hekkkoloni på Hernyken, Røst. Som vanleg er *toppskarvane* våre funne lenger nord i fylket og i Sør-Trøndelag vinterstid (7 individ). Ein av toppskarvane var 22 år, som skal vere den eldste i Noreg. **Gråhegre:** Ein ungemerka fugl frå Ringebu, Oppland, blei funnen død på seinvinteren to år etter merking, i Hjørungavåg på Hareid. Ein ungemerkt *hønehauk* frå Hordaland, blei kontrollert i kråkefelle på Hareid for andre vinter på rad. **Kongeørn:** Ein desembermerkt fugl frå Eigersund-området i Rogaland, blei neste vinter funnen død i Hornindal, Nordfjord. **Tjeld:** Ein ungemerkt frå Hareid blei i to forskjellige sesongar kontrollert i Norfolk, England. **Sandlo:** To sandlo blei kontrollert av franske ringmerkarar i Senegal. Ei blei kontrollert som hekkande i Norrbotten, Sverige, medan to blei rapporterte frå Nederland og ein i Frankrike. **Polarsnipe:** Eitt funn i Frankrike ein månad etter ringmerking. **Myrsnipe:** sju funn frå utlandet: Sverige (3), Nederland (2) og Skottland (1). **Brushane:** Ei hoe rapportert frå Frankrike og ein hann skoten i august i Ukraina. **Raudstilk:** To individ skotne (bombe!) i Frankrike, henholdsvis etter 7 og 14 år . 14-åringen er Noregs eldste raudstilk hittil . **Steinvendar:** tre teleskopavlesingar frå Nederland. **Fiskemåse:** ei teleskopavlesing frå Nederland, og

ein belgiskmerkt kontrollert på Hareid etter åtte år. *Gråmåse* : ei teleskopavlesing frå Tyskland, og ein skotskmerkt kontrollert på Hareid. *Polarmåse*: Ein fugl ringmerkt på Nordkappbanken blei ”fanget og spist” av færøylværingar i Barentshavet, 423 km ESE. *Svartbak*: Teleskopavlesingar frå Danmark og Belgia . Ei pullmerkt *lunde* frå Runde blei etter 23 år skoten på Færøyane. Dette er ei av dei eldste norskmerkte lundene. *Heipiplerke* : Ein av ”våre” sine fuglar kontrollert i Belgia. Ein belgiskmerkt fugl kontrollert på Fokstugu, Dovre. *Skjerpiplerke*: Ein fugl kontrollert i Belgia. Ein annan fugl funnen død i Rogaland. *Sidensvans*: Ein finskmerkt kontrollert ved Grimstadvatnet, Hareid 25 dagar etter merking. Ein svenskmerkt kontrollert på Skjongskaret, Giske 19 dagar etter merking. Ein fugl ringmerkt 20.10.2004 blei 40 dagar etter kontrollert i Estland, 1104 km ESE. *Fossefall*: Vi kontrollerte ein fugl med svensk ring som for tredje året på rad hekka på same plass. *Raudstrupe*: Eitt individ funne død i Danmark *Blåstrupe*: To individ ringmerkt på Fokstugu, Dovre, blei seinare funne i søraustleg retnig i Sverige. *Svarttrast*: Eitt individ kontrollert etter 26 dagar i England. *Måltrost*: eitt individ skote i Frankrike. *Raudvengtrast*: eitt individ skote i Portugal. *Lauvsongar*: eitt ind kontrollert på Helgoland, Tyskland etter knapt ein månad . *Fuglekonge*: Eitt individ drepe mot vindu på Shetland, Skottland etter 10 dagar. Eit anna individ var kome til Polen etter 24 dagar. *Svartmeis*: blei ringmerkt 04.10.2003 i Hå, Rogaland. Fire månader seinare blei ho kontrollert på Skjongskaret, Giske, 449 km N. *Blåmeis*: Ein Hareidsfugl blei rapportert frå Karmøy, Rogaland etter 15 dagar. Ein Karmøyfugl blei etter 6 mndr kontrollert på Skjongskaret. Ein Hedmarksfugl blei etter om lag eitt år kontrollert på Hareid . *Kråke*: ein vintermerkt fugl funnen død i Jämtland, Sverige i juni. *Stare*: eitt individ blei rapportert kontrollert i Skottland. *Bokfink*: Ein fugl frå Sør-Trøndelag, kontrollert på vårtrekk i Barstadvik, Ørsta. *Bjørkefink* ringmerkt i Sør-Trøndelag på hausttrekk blei kontrollert overvintrande på Skjongskaret, Giske. To fuglar blei kontrollert henholdsvis i Danmark og Skottland. *Grønfink*: I tillegg til mange kontrollar i Noreg, fekk vi gjenfunn frå Danmark (13) og Sverige (2). Av utanlandsmerkte fekk vi tre fuglar med dansk ring og ein nederlandsk. *Grønsisik*: Vi kontrollerte tre fuglar som var merkte i Nederland .Vi fekk gjenfunn frå Nederland (2) og England (1) . *Gråsisik*: ein fugl kontrollert i Sverige og ein i Polen. Ein fugl med Matsalu-ring (Estland) blei kontrollert 27.07. *Brunsisik*: Ein kontrollert på Åland, Finland og ein på Utklippan, Sverige. *Sivsporv*: To fuglar frå Grimstadvatnet, Hareid kontrollert i henholdsvis Nederland (mai) og Spania (desember). Ein Fokstugu-fugl blei kontrollert i slutten av oktober i Frankrike.

Takk: Mange av merkarane har ikkje tilgang til datautstyr og dermed RING- programmet. Vi legg alle merkingane inn på data, og det trengs hjelp til dette. Stor takk til Stian Moldskred og Stein Inge Refvik som har datalagt tusenvis av fugl.

Sunnmøre RG har ei internettside der Stian Moldskred er redaktør , og Hans Petter Farstad vil vere ansvarleg for webdesign. Heimesida vår finn du på www.fugler.com/srg

Art	Tidlegare ringm.	Pull 2004	Fg. 2004	Giske OS	Fokstugu, Dovre	Tils. 2004	Totalt
Havsvale <i>Hydrobat. pelagicus</i>	5900	2	114	-	-	116	6016
Havsule <i>Sula bassana</i>	122	-	71	-	-	71	193
Toppskarv <i>Phalac. aristotelis</i>	15842	28	3	-	-	31	15873(10)
Krikkand <i>Anas crecca</i>	57	-	-	2	1	3	60
Stokkand <i>A. platyrhynchos</i>	114	-	-	1	-	1	115
Havelle <i>Clangula hyemalis</i>	2	-	1	-	-	1	3
Siland <i>Mergus serrator</i>	75	-	16	-	-	16	91
Havørn <i>Haliaeetus albicilla</i>	566	24	-	-	-	24	590
Hønehauk <i>Accipiter gentilis</i>	384	3	5	-	-	8	392
Sporvehauk <i>Accipiter nisus</i>	203	-	3	1	1	5	208
Musvåk <i>Buteo buteo</i>	2	-	1	-	-	1	3
Vandrefalk <i>Falco peregrinus</i>	13	-	-	1	-	1	14
Storfugl <i>Tetrao urogallus</i>	14	-	1	-	-	1	15
Vassrikse <i>Rallus aquaticus</i>	8	-	4	-	-	4	12
Tjeld <i>Haematopus ostralegus</i>	1780	9	1	1	-	11	1791
Sandlo <i>Charadrius hiaticula</i>	7774	-	1	306	-	307	8081
Heilo <i>Pluvialis apricaria</i>	288	-	1	10	-	11	299
Tundralo <i>Pluvialis squatarola</i>	174	-	-	4	-	4	178
Vipe <i>Vanellus vanellus</i>	732	8	-	-	-	8	740

Polarsnipe <i>Calidris canutus</i>	443	-	-	13	-	13	456
Sandløpar <i>Calidris alba</i>	213	-	2	2	-	4	217
Dvergsnipe <i>Calidris minuta</i>	4842	-	4	256	-	260	5102
Tundrasnipe <i>Cal. ferruginea</i>	1009	-	1	49	-	50	1059
Fjøreplytt <i>Calidris maritima</i>	60	-	-	5	-	5	65
Myrsnipe <i>Calidris alpina</i>	23673	-	47	1457	-	1504	25177(5)
Brushane <i>Philomach. pugnax</i>	1930	-	-	76	-	76	2006
Kvartbekkasin <i>Lym. minimus</i>	415	-	8	-	-	8	423
Enkeltbekkasin <i>G. gallinago</i>	1025	8	10	2	2	22	1047
Rugde <i>Scolopax rusticola</i>	56	9	-	-	-	9	65
Lappspove <i>Limosa lapponica</i>	331	-	-	4	-	4	335
Storspove <i>Numenius arquata</i>	388	3	1	-	-	4	392
Raudstilk <i>Tringa totanus</i>	759	-	-	51	-	51	810
Strandsnipe <i>Act. hypoleucos</i>	637	-	7	1	-	8	645
Art	Tidlegare ringm.	Pull 2004	Fg. 2004	Giske OS	Fokstugu Dovre	Tils. 2004	Totalt
Steinvendar <i>Arena. interpres</i>	410	-	-	14	-	14	424
Fiskemåse <i>Larus canus</i>	10463	81	36	2	-	119	10582
Sildemåse <i>Larus fuscus</i>	650	-	10	2	-	12	662
Gråmåse <i>Larus argentatus</i>	6834	16	69	19	-	104	6938
Polarmåse <i>Larus hyperboreus</i>	103	-	31	-	-	31	134

Svartbak <i>Larus marinus</i>	5948	17	26	1	-	44	5992
Krykkje <i>Rissa tridactyla</i>	28942	69	48	-	-	117	29059 (4)
Teist <i>Cepphus grylle</i>	1422	83	2	-	-	85	1507
Lunde <i>Fratercula arctica</i>	2921	2	-	-	-	2	2923
Ringdue <i>Columba palumbus</i>	34	-	2	-	-	2	36
Gauk <i>Cuculus canorus</i>	27	-	1	-	-	1	28
Sporveugle <i>Glau. passerinum</i>	7	-	1	-	-	1	8
Kattugle <i>Strix aluco</i>	1650	21	3	-	-	24	1674
Perleugle <i>Aegolius funereus</i>	55	-	-	-	1	1	56
Tårnseglar <i>Apus apus</i>	31	1	-	-	-	1	32
Gråspett <i>Picus canus</i>	19	-	1	-	-	1	20
Flaggspett <i>Dendrocop. major</i>	146	-	2	-	-	2	148
Sandsvale <i>Riparia riparia</i>	1709	-	335	2	-	337	2046
Låvesvale <i>Hirundo rustica</i>	18059	18	378	45	-	441	18500 (8)
Hybrid <i>H. rustica x D. urbica</i>	2	-	1	-	-	1	3
Trepiplerke <i>Anthus trivialis</i>	566	-	10	-	11	21	587
Heipiplerke <i>Anthus pratensis</i>	16404	62	408	230	479	1179	17583(9)
Skjærpiplerke <i>Ant. petrosus</i>	4808	-	76	1079	-	1155	5963
Gulerle <i>Motacilla flava</i>	28	-	-	-	1	1	29
Linerle <i>Motacilla alba</i>	4213	24	51	31	-	106	4319
Sidensvans <i>Bombyci. garrulus</i>	1917	-	1242	2	-	1244	3161
Fossefall <i>Cinclus cinclus</i>	7018	72	10	-	-	82	7100

Gjerdsmett <i>Tro. troglodytes</i>	4382	3	251	1	5	260	4642
Jernsporv <i>Prunella modularis</i>	8307	43	114	1	138	296	8603
Raudstrupe <i>Eritha. rubecula</i>	10596	16	369	4	117	506	11102
Blåstrupe <i>Luscinia svecica</i>	448	-	21	-	856	877	1325
Raudstjert <i>Ph. phoenicurus</i>	415	-	5	-	18	23	438
Buskskvett <i>Saxicola rubetra</i>	1790	5	22	3	1	31	1821
Svartstrupe <i>Saxicola torquata</i>	29	5	2	-	-	7	36
Steinskvett <i>Oenant. oenanthe</i>	450	-	3	4	2	9	459
	Tidlegare	Pull	Fg	Giske	Fokstugu	Tils.	Totalt
Art	ringm.	2004	2004	OS	Dovre	2004	
Svarttrast <i>Turdus merula</i>	6234	88	394	22	4	508	6742
Gråtrast <i>Turdus pilaris</i>	6384	41	52	1	13	107	6491
Måltrast <i>Turdus philomelos</i>	2845	64	108	-	13	185	3030
Raudvengtrast <i>Turdus iliacus</i>	18310	75	567	-	33	675	18985 (7)
Sivsongar <i>Ac. schoenobaenus</i>	464	-	35	1	1	37	501
Rørsongar <i>Acroc. scirpaceus</i>	18	-	4	-	-	4	22
Gulsongar <i>Hippolais icterina</i>	444	3	30	-	-	33	477
Hauksongar <i>Sylvia nisoria</i>	36	-	1	-	-	1	37
Møller <i>Sylvia curruca</i>	96	-	5	-	7	12	108
Tornsongar <i>Sylvia communis</i>	886	-	34	1	-	35	921
Hagesongar <i>Sylvia borin</i>	660	-	25	-	5	30	690

Munk <i>Sylvia atricapilla</i>	4877	-	471	2	8	481	5358
Gransongar <i>Phyllos. collybita</i>	3087	-	245	2	19	266	3353
Lauvsongar <i>Phyll. trochilus</i>	43330	23	1981	10	546	2560	45890 (2)
Fuglekonge <i>Regulus regulus</i>	5592	-	375	5	5	385	5977
Gråflugesnappar <i>Mu. striata</i>	905	22	13	-	-	35	940
Svartkvit fl.sn. <i>F. hypoleuca</i>	10353	296	56	-	5	357	10710
Stjertmeis <i>Aegithal. caudatus</i>	2556	1	32	-	-	33	2589
Lauvmeis <i>Parus palustris</i>	1767	-	37	-	-	37	1804
Granmeis <i>Parus montanus</i>	4211	-	87	3	20	110	4321
Toppmeis <i>Parus cristatus</i>	65	-	4	-	-	4	69
Svartmeis <i>Parus ater</i>	1089	19	23	5	-	47	1136
Blåmeis <i>Parus caeruleus</i>	8142	188	313	31	7	539	8681
Kjötmeis <i>Parus major</i>	21833	523	470	44	15	1052	22885 (6)
Spettmeis <i>Sitta europaea</i>	1324	62	23	-	-	85	1409
Trekrypar <i>Certhia familiaris</i>	607	3	20	-	-	23	630
Nøtteskrike <i>Garr. glandarius</i>	49	-	1	-	-	1	50
Skjor <i>Pica pica</i>	369	-	4	-	-	4	373
Kaie <i>Corvus monedula</i>	3	-	1	-	-	1	4
Kråke <i>Corvus corone cornix</i>	1053	3	380	2	-	385	1438
Ramn <i>Corvus carax</i>	1318	-	10	-	-	10	1328
Stare <i>Sturnus vulgaris</i>	9425	36	78	180	-	294	9719
Gråspurv <i>Passer domesticus</i>	5442	-	203	63	-	266	5708

Pilfink <i>Passer montanus</i>	45	-	-	-	2	2	47
Bokfink <i>Fringilla coelebs</i>	7814	2	722	1	5	730	8544
Art	Tidlegare	Pull	Fg.	Giske	Fokstugu	Tils.	Totalt
	ringm.	2004	2004	OS	Dovre	2004	
Bjørkefink <i>Fr. montifringilla</i>	10553	-	125	9	22	156	10709
Grønfinnk <i>Carduelis chloris</i>	39112	12	2555	86	1	2654	41766 (3)
Grønsisik <i>Carduelis spinus</i>	11808	-	1242	3	3	1248	13056
Bergirisk <i>Card. flavirostris</i>	4848	-	45	59	-	104	4952
Gråsisik <i>Caruelis flammea</i>	61107	15	2925	122	192	3254	64361 (1)
Brunsisik <i>Carduelis cabaret</i>	1013	-	769	2	101	872	1885
Polarsisik <i>Card. hornemanni</i>	556	-	10	1	1	12	568
Grankorsnebb <i>L. curvirostra</i>	106	-	1	-	-	1	107
Rosenfink <i>Carpod. erythrinus</i>	12	-	-	-	2	2	14
Dompap <i>Pyrrhula pyrrhula</i>	3868	-	231	-	-	231	4099
Kjernebiter <i>C. coccothraustes</i>	13	-	8	-	-	8	21
Gulsporv <i>Emberiza citrinella</i>	461	-	4	-	-	4	465
Dvergsporv <i>Emberiza pusilla</i>	8	-	1	-	-	1	9
Sivsporv <i>Ember. schoeniclus</i>	4262	-	85	2	431	518	4780
Totalt (221 artar, 116 artar i 2004):	538283	2107	18638	4339	3094	28178	566461

Tidlegare ringmerkt : Dvergdukkar *Tachybaptus ruficollis* 1, horndukkar *Podiceps auritus* 1, havhest *Fulmarus glacialis* 5020, havlire *Puffinus puffinus* 1, stormsvale *Oceandroma leucorhoa* 37, storskarv *Phalacrocorax carbo* 3, gråhegre *Ardea cinerea*

2535, krabbehegre *Butorides striatus* 1, knoppsvane *Cygnus olor* 3, songsvane *Cygnus cygnus* 30, kortnebbgås *Anser brachyrhynchus* 2, tundra­gås *Anser albifrons* 1, grå­gås *A. anser* 14, gravand *Tadorna tadorna* 19, brun­nakke *Anas penelope* 10, bergand *A. marila* 1, toppand *Aythya fuligula* 2, ærfugl *Somateria mollissima* 44, kvinand *Bucephala clangula* 11, steppehauk *Circus macrourus* 1, fjellvåk *Buteo lagopus* 165, kongeørn *Aquila chrysaetos* 14, fiskeørn *Pandion haliaetus* 1, jaktfalk *Falco rusticolus* 4, tårnfalk *Falco tinnuculus* 16, dvergfalk *Falco columbarius* 99, lerkefalk *Falco subbuteo* 1, lirype *Lagopus lagopus* 1, orrfugl *Tetrao tetrix* 3, vaktel *Coturnix coturnix* 1, fasan *Phasianus colchicus* 42, myrrikse *Porzana porzana* 2, åkerrikse *Crex crex* 10, sothøne *Fulica atra* 1, sivhøne *Gallinula chloropus* 9, trane *Grus grus* 1, dverglo *Charadrius dubius* 1, boltit *Charadrius morinellus* 8, alaskasni­pe *C. melanotos* 2, rustsni­pe *Tryngites subruficollis* 1, temmincksni­pe *C. temminckii* 21, fjellmyrløpar *Limicola falcinellus* 5, svarthalespove *Limosa limosa* 12, småspove *Numenius phaeopus* 55, dobbeltbekkasin *Gallinago media* 4, gluttsni­pe *Tringa nebularia* 13, sotsni­pe *Tringa erythropus* 9, skogsni­pe *T. ochropus* 5, grønstillk *Tringa glareola* 13, tjuvjo *Stercorarius parasiticus* 63, storjo *Stercorarius skua* 240, svømmesni­pe *Phalaropus lobatus* 21, hettemåse *Larus ridibundus* 587, makrellterne *Sterna hirundo* 1445, raudnebbterne *Sterna paradisaea* 2490, terner- *S. hirundo/paradisaea* 4, lomvi *Uria aalge* 2971, alke *Alca torda* 346, alkekonge *Alca alle* 10, tyrkerdue *Streptopelia decaocto* 6, bydue *Columba livia var. domesticus* 46, skjæregjøk *Clamator glandarius* 1, hubro *Bubo bubo* 2, snøugle *Nyctea scandiaca* 1, haukugle *Surnia ulula* 19, hornugle *Asio otus* 24, jordugle *Asio flammeus* 19, vendehals *Jynx torquilla* 143, grønspett *Picus viridis* 8, kvitryggspett *Dendrocopos leucotos* 35, dvergspett *Dendrocopos minor* 37, taksvale *Delichon urbica* 598, songlerke *Alauda arvensis* 160, dverglerke *Calandrella brachydactyla* 1, fjellerke *Eremophila alpestris* 2, tartarpiplerke *Anthus novaeseelandiae* 1, lappiplerke *Anthus cervinus* 4, vintererle *Motacilla cinerea* 2, nattergal *Luscinia luscinia* 1, ringtrast *Turdus torquatus* 241, taigatrost *Turdus ruficollis* 1, grashoppesongar *Loc. naevia* 8, elvesongar *Locustella fluviatilis* 2, starrsongar *Locustella certhiola* 1, myrsongar *Acrocephalus palustris* 11, busksongar *Acrocephalus dumetorum* 1, gulbrynsongar *Phylloscopus inornatus* 40, bøksongar *Phylloscopus sibilatrix* 5, fuglekongesongar *Phylloscopus proregulus* 1, viersongar *Phylloscopus schwarzi* 1, dvergflugesnappar *Muscicapa parva* 1, lappmeis *Parus cinctus* 15, varslar *Lanius excubitor* 11, raudhalevarslar *Lanius isabellinus* 1, tornskate *Lanius collurio* 7, nøttekråke *Nucifraga caryocatactes* 4, kornkråke *Corvus frugilegus* 1, stillits *Carduelis carduelis* 2, tornirisk *Carduelis cannabina* 31, bandkorsnebb *Loxia leucoptera* 8, furukorsnebb *Loxia pytyopsittacus* 8, konglebit *Pinicola enucleator* 3, lappsporv *Calcarius lapponicus* 21, snøsporv *Plectrophenax nivalis* 89, sibirsporv *Emberiza aureola* 1, hortulan *Emberiza hortulana* 3.

Sunnmøre Ringmerkingsgruppe,
v / Kjell Mork Soot,
Geilane,
6060 Hareid.
Tlf (privat) 70 09 24 43.
Tlf (arbeid) 70 09 27 50.
Mobil 913 08 487.